



Marihøna barnehage
Havnevegen 47
5918 FREKHAUG

Dato:
26.05.2014

Evalueringskjema for basisteam 2013/2014.

- *Kva er bra med basisteamene?*

Det er positivt å få drøfta ting anonymt. Få innspel og støtte for det ein søker hjelp om.

Ein blir kjend med personar som jobbar i ulike tenesteområder i kommunen; barnevern, PPT, helsestasjon...

Prinsippet om å gje hjelp til hjelpar og veiledningshjelp til brukar er svært viktig.

Det er fint å vera i barnehagen og ha direkte kontakt med barna.

Det viktig med tidleg innsats. Det å kunna koma tidleg på bana.

- *Kva kan verte betre ?*

Vi tenkjer at organiseringa kan bli betre og ønskjer derfor at vi har basisteam for den enkelte barnehage slik som i skulen. Vi foreslår at nokon barnehagar kan vera kan vera saman, men ikkje slik som no. Dersom vi får ei slik ordning, håpar ein å få tak i problemstillingane på ein betre måte. Då vil ein

kunna henta inn personar direkte frå avdelingane som presenterer bekymringar/utfordringar som måtte vera aktuelle for denne avdelinga.

Det er viktig at alle involverte partar prioriterer å koma

Ein ønskjer ein god struktur på møta og at det er styrar i kvar barnehage som eig og leier møtet.

Det bør vera høve for foreldre å koma for å drøfta sin sak dersom dei ønskjer det.

Ein bør gå gjennom prosedyren for basisteam og ev. laga ein foldar som kan gå ut til foreldre med informasjon.

- **Andre innspel: ros/ris m.m.**

Basisteam er nyttige, men inndelinga må altså endrast.

Det er viktig at ein person koordinerer alle møta. Vi foreslår Mette.